

ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 3

MARS 1976

25. årgang

Menigheten som fadder

Dåpspraksisen er oppe til debatt. Det er godt! Vi forstår dei som demonstrerer også, endå vi ikkje tenkjer på å nekte å døpe noen. Vi forstår biskopen i Bjørgvin som skriv brev, og Målselvpresten — vår tidlegare meddrabant i nord og utflytt trønder — som riv av eine armen på prestekjolen som symbolsk protest mot den makteslause dåpsopplæring. Vi forstår, endå vi sjøl gjerne vil halde fram med å ha to armar på samarien.

Ein kan stille spørsmål til sam-

funnet, fadderinstitusjonen, foreldra. Men ein kjem ikkje stort lenger enn til spørsmåla med det. Vi har for lengst funne ut at der du skal stille spørsmål om dåpsopplæring er i gudsstenesta, i forkynninga. Fungerer menigheten vår som fadder for barna som blir døpt der? Har vi bore dei på våre armar til Jesus, har vi lagt dei i hans fang? Har vi tilbod om eit barne- og ungdomsmiljø som kan nå dei?

(Framh. s. 4)

Credo

Eg trur på Herren Jesus Krist,
og annan veg eg hev'kje visst
igjennom livsens vanskar.
I han eg hev mi barnetru,
eg finn'kje betre himmelbru
med alt eg grep og granskar.

Eg trudde på meg sjølv ein gong,
eg gjekk og bar ein sigerssong
so sél inni mitt hjarte.
Eg ville nå så høg ein tind,
derfrå eg skulle skoda inn
i lukkeland so bjarte.

Eg trudde på ei verd so ljos
som siglde fram sin lange kos
igjennom æverømda.
Til mannemakt og mannevit
eg sette all mi tru og lit:
det gode var i kjømda.

So fekk eg sjå meg sjølv til sist,
eg såg ei verd so kald og trist
og full av fals og føla.
Dei andre hadde det som eg,
vi alle gjekk på syndarveg
og lengta etter sæla.


No hev eg all mi sjølvtru mist,
no trur eg på den Herre Krist,
min Frelsar og forsonar.
På det han heve gjort og sagt,
hans liv og død, hans andes makt
eg einast lit og vonar.

I han eg ser at attom sky
det renn ei sol kvar morgen ny
som lyser og som varmar.
Bak høge himmel, djupe hav
eg ser ei verd omslutta av
Guds sterke faderarmar.

I han eg hev so ljos ei tru
at livet, trass i sorg og gru,
er herleg utan like,
at i kvart menneske eg ser,
Guds eige bilet grant seg ter.
No trur eg på Guds rike.

Monrad Norderval

SLEKTERS GANG



Døpte

Orkanger.

- 8.2. Sissel Jønsberg
Britt Vasstrand
Thomas Bysting
22.2. Roger André Hansen
Trond Vegar Karlsen

Orkdal

- Jan Magnar Oddli
Morten Andre Olsen
Kristin Ekli

Vigde



Orkland

- 14.2. Erik Leon Kværnvik og
Solveig Hoston

Orkdal.

- 31.1. Dagrun Karin Storøien og
Øyvind Klungervik
7.2. Marit Oline Härstad og
Kåre Bergh



Døde

Orkland.

- 7.2. Kally Lund f. 1914.

Orkdal.

- 23.1. Johan Strand f. 1897
28.1. Per Stageberg f. 1933

Geitastrand mindefond.
Blankettar hos Gunerius
Kjøren.

MENIGHETSØKONOMIEN

Noen reagerer på at vi i kyrkjene snakkjer om mye om offer. Ikkje ein gang på søndag skal ein bli fri for pengemas. Men offer har alltid vore ein del av gudstenesta. Det kunne gjelde naturalia, eller pengar på tempelkista. Paulus driv innsamling i menigheten til den trengde Jerusalemsmenigheten, og tek med pengegåver dit. I 1. Kor. 16, 2, står det: «Første dagen i veka skal kvar av dykk leggje til sides heime hos seg sjøl det han får lykke til, så innsamlinga ikkje skal ta til først når eg kjem». Det er altså ein urkristen spørsmålet er så: Kva med hardt tiltrengt menighetssekretærstilling for Orkanger — Fannrem — Gjølme området? Det er ei nærliggande komunesak. Kva med støtte til Søvasskjølen fjellkirke? Det vil vi kanskje snart få svar på. Men det er også ei offersak i menigheten. Kva med Orkanger menighetshus? Kva med støtte til tiltak på barne- og ungdomssektoren? Kva med personell og tiltak for ei hardt tiltrengt miljøteneste for eldre? Kva med ei helt nødvendig menighetsordning i Evjenområdet? Er forresten tomt til kyrkje avsett der? Mangt anna kunne nemnast.

I kyrkjene våre har vi med rette følgje opp tradisjonen og gitt gåver til misjonen, til felleskyrkjelege tiltak og nødhjelp. Det har kvart år gått millionsummar i gåver til trengde menigheter verda over. Dette må vi få enda meir syn for. Misjonsgloden må vi ikkje misse i vår rike tid. Det er god grunn til å formane til fornyet gjennomtenking av vårt misjonsansvar.

Men kva så med offergåvene til vår eigen menighet. Dette er rett og slett eit sárt punkt. Med det veldige ansvar vi har i dåpsopplæring, ungdomsmiljø, eldremørsorg, familieomsorg m.v. står vi ribba for sjansar til innsats på grunn av økonomien. Orkalsmenigheten ofra til eige menighetsarbeid litt over 1 kr. pr. menighetslem i 1975. Meir spesifisert: Orkanger og Orkdal kr. 0.60. Geitastrand kr. 1.90. Orkland kr. 2.80. Andre intekter har ikkje menigheten stort sett. Og med dette skal vi altså byggje ut eit kyrkjearbeid som skal nå alle. I lov for sokneråd (menighetsråd) § 23 står det: «Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å velke og nære det kristelige liv i menigheten, særlig at Guds ord kan

bli rikelig forkrynt, syke og døende betjent med det, ungdommen samlet om gode formål og legemlig og åndelig nöd avhjulpet».

Vel, rett nok har vi staten og kommunen. Men deira tilskot avgrensar seg til presteløner, skyss, gravplassar, kyrkjehus, løn til kyrkjefenor, organist og klokkar. Orkdal kommune, som mange andre, har også gitt eit visst bidrag til kyrkjebuss og betalt eit testamente til kvar konfirmant og litt til. Kanskje sokneråda hadde fått litt meir om dei ba om det?

Spørsmålet er så: Kva med hardt tiltrengt menighetssekretærstilling for Orkanger — Fannrem — Gjølme området? Det er ei nærliggande komunesak. Kva med støtte til Søvasskjølen fjellkirke? Det vil vi kanskje snart få svar på. Men det er også ei offersak i menigheten. Kva med Orkanger menighetshus? Kva med støtte til tiltak på barne- og ungdomssektoren? Kva med personell og tiltak for ei hardt tiltrengt miljøteneste for eldre? Kva med ei helt nødvendig menighetsordning i Evjenområdet? Er forresten tomt til kyrkje avsett der? Mangt anna kunne nemnast.

Det skal mange gonger ikkje meir enn eit lite puff til å skrive om noko ein har tenkt på lenge. Det var noko om at folk i «gammeltida» møttest på kyrkjebakken.

Denne vesle «puffen» fekk eg da eg las eit stykke som stod i Furnes Menighetsblad som eg fekk sendande frå sokneprest Koren. Der sto det eit lite stykke om å møtes på kyrkjebakken.

Når ein les bøker frå eindel år attende hører ein om at folk møttest på kyrkjebakken etter at dei hadde vore til gudstenesta i kyrkja.

Dette var så sjølv sagt, og ofte noko folk såg fram til. Dette var før den tida at det var noko avisar å rekne for millom folk, slik at lysingar om auksjonar, både friviljuge og tvang, og ellers mangt og mykje kungjeringar frå Amtet, skrivlar og lensmann. Attåt at folk fekk høre dette var det her godt høye til å slå av ein prat med slekt og vene, — korleis det var med helsa, — korleis det var med buskapen og ikkje minst årvegen som i desse tider — meir enn no — hadde så mykje å segje for mest alle folk. Eg må nemne ein dugande «Kyrkjebakklesar» her i Orkdal, — det var Lensmanns-Mortinus dei kalla. Hans fulle navn var Mortinus Samuelson Gisvoldløkk f. 1827 d. 1907. Han var lennsm.dreng hos Lensmann Nærum og seinare dreng hos

Vi kjem kanskje ikkje utanom den gamle diskusjonen organisasjon/lokalmenighet. Vi har berre eitt å seie til det: Tida er så utfordrande at her må alle krefter sameinast uansett. «Kvífor valte Jesus fiskarar til læresveinar?» spør Monrad Norderval ein stad. Og svaret var: «Fordi dei var vant med å skifte fiskeplass etter fiskestimanen». Arbeidsredskap er aldri evige. Men det er evangeliet om Jesus Kristus!

Jdin tjeneste skal du holde deg selv for unyttig, da vil Gud gjøre deg til sitt redskap. MB

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkje
Agnes Singstad

Redaktør: Inge Eidhamar.

Annonser:
Sigmund Haugset.

Kasserar:
Ivar Fandrem, 7320 Fannrem.

Postgiornr.: 32 68 72.

Takk for gåver og kontingent.

Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo

Livsvisdom og tro

To søstre i menigheten har sendt oss følgende innlegg til ettertanke.

Lykke hvad er vel det mon tro
er det for andre seg bøye
er det over kløften å bygge bro
er det for andre seg føye.
Først når dit hjerte er lydt og rent
rustet fra onde tanker
først når din tale er ærlig ment
da først du roser deg sanker
Først må du lære å bøye deg
da blir det bro over kløften
da blir det godt å føye seg
Da blir din byrde et smykke
Ja kanskje det er din lykke.

I.S

Lykke det er på Jesus å tro
Frelsen i Kristus over kløften er bro
Og få for Jesus seg bøye
i kjærlighet for andre seg føye
Og når vårt hjerte av Kristus er fyldt
da blir vår tanke og sinnet lydt
da vil vår tale til andre bli
fortelle dem hvad vår frelses har lidt
Om motgang og byrde du bære må
en gang i himlen du lønnen skal få
da blir en krone et smykke
det er i sannhet lykke.

Herre du høre meg Herre du føre meg
hvordan og hvorhen det tjener meg
best.

Gi meg å bøye meg Lær meg å føye
meg
etter din vilje mens her jeg er gjest.
O.

sokneprest i Orkdal, Johnsen.

Etter at det vart noko meir alminneleg med avisar, tok det meir til å bli slutt med lessinga på kyrkjebakken, og lova om slik lesnad vart avskaffa 16/7. 1920. Men det finns enno mange som kan minnast at både lensm. dreng Kråkdal — seinare Mehllum las, — ja Mehllum var nok den siste som las her i bygda.

Som ein vil forstå var dette eit samkomme etter gudstenesta, og eg tykkjer det var ein fin skikk.

Tida har forandra seg. Når gudstenesta no er over søndag formiddag, er det svært få som tek seg tid til ein prat utofor kyrkja, — dei kastar seg inn i bilen og rasar avgårde så steinspruten står.

Kor mykje triveligare det ville har vore om folk ville hefte på nokre minuttar og helse på kjen-

Dette satsar vi på!

Bank i bordet! Vi står framfor eit kjempeløft i Orkalsmenigheten. Søvasskjølen fjellkirke skal reisast. Og her må vi alle stå saman. Eit av verkemidla er den konvoluttinnsamlinga som no pågår. Her har alle sjanse til å vise at dei vil vere med. vi legg ikkje skjul på at vi ventar oss mye av denne. Til meir innsamla midlar, til mindre lån og renter.

Vi trur at investering i Fjellkirka er slikt som gir god rente for pengane. Vi kunne sjå på reisinga av denne som ei fadderoppgåve. Vi dørper barna våre. Vi vil at dei skal vekse opp i dæpens nåde og kraft. Ei fadderoppgåve er å skape trygt miljø. Fjellkirka skal bli eit sentrum for dette. Vi har ikkje råd til å la vere å satse på dette. Nett no er det viktig & få synt at kirkeprosjektet på Kjølen har brei støtte.



Tegningene er godkjent av departementet, det er berre underskriftene våre som manglar på at vi eig dei. Fleire låne- og bidragssøknader for fullfinansiering er sendt, og vi veit alt at det er i orden med noe. Snart blir det ny dugnad for å få fram resten av tømmeret. Av gode grunnar er dette blitt seinke meir enn vi trudde. Men fleire ventar på ny dugnadsutfordring.

Men no galt det altså først og fremst gävekonvolutten. Vi er spent på resultatet. Og la det ikkje berre bli med denne gongen. For dette satsar vi på!

te og kjære. Ein kunne på det viset verta betre kjent med mange kyrkjegengjarar som ein elles ikkje snakkjer med. Når folk no etter har teke til å gå åt kyrkja, tykkjer eg det ville ha vore høveleg om me tok oppatt denne vakre skikken. Eg vil vone at dette var noko til ettertanke slik at vi alle møtes på kyrkjebakken komande preikesøndag.

Kn. L.

**VÅR MENIGHET****Menighetens årsfest**

blir arrangert på Orkanger bedehus for Orkanger sokn søndag 14. mars kl. 18. I Orkland sokn blir årsfesten på Svermo misjonshus 4. april kl. 19. Begge plassar blir det også menighetsmøte med val av utsendingar til Bispedømmemøtet i Molde i slutten av mai. Møt opp på årsfestane og kom med ditt syn på menighetsarbeidet i debatten!

Dramakurs

blir det arrangert på Svermo misjonshus 5.-7. mars. Ein skal lære om drama i forkynning og kristent arbeid, om opptrinn, kyrkjespel m.m. Instruktørar er studentane Fredrik Ulseth, Turid Lundby Remå og Ivar Selmer Olsen. Søndag 7. mars er det høgmesse i Orkland kyrkje ved ungdomsprest Dag Smemo. Etter gudstenesta legg speidarane opp ei familieløype for skitur. Altså: Gå på ski til kyrkjes denne dagen!



har fått ny redaktør i at Olav Olsen har overgitt roret til menighetssekretær Arne Malum. Vi ønsker nabobladet all lykke og framgang. Det har eit viktig oppdrag.

Gamlepresten

på Orkanger, sokneprest Olav Olsen, skal forrette høgmassa på Orkanger 7. mars. Etter det vi veit er det første gongen han har gudsteneste på Orkanger sidan han flytta til Meldal i 1967. Olav Olsen hadde da vore prest på Orkanger i 20 år. Ved gudstenesta blir det offer til me-

PRESTEKONTORET

Den Gode Hyrdes kapell.
Tirsdag kl. 17 - 19
Torsdag kl. 18 - 19
Fredag kl. 08 - 10

nighetsarbeidet på Orkanger. Det er også nattverdsgudsteneste.

Ny redaksjonsnemnd

har vi fått i menighetsbladet. Anny Bonde og Reidar Halgunset fekk ikkje til å fungere skikkeleg, syntest dei, på grunn av aktivitetar både her og der. Så dei bad seg fri. I staden har Fellesrådet oppnemnt Gunerius Kjøren, Jorhild Ljøkkel og Agnes Singstad. Personleg saknar vi representant frå Orkdal sokn, og vinar det kjem etter.

**SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Eldres hyggetime

blir igjen på Svermo misjonshus onsdag 10. mars kl. 11. Sist hadde vi besøk av 5 sympatiske og unge representantar frå Ungdom i Oppdrag. Vi fekk ein fin presentasjon av kva dei sto for.

Mange konfirmantar

har teke det alvorleg med å gå minst 10 gonger til gudsteneste i konfirmantåret. Noen har alt langt oppfylt kvoten. Desse gudstenestene ser vi på som den viktigaste delen ved konfirmantåret. Foreldra har også i mange tilfeller oppdaga at det er rett og godt å gå til kyrkjes sammen med barna.

Åpent hus

for ungdom blir arrangert på Svermo misjonshus laurdag 13. mars kl. 20. Det er den nystarta Rover/Ranger laget i KFUK/M som arrangerer. All ungdom frå 7. klasse og oppover er velkommen.

Kvinnenes internasjonale verdsbønedag

har samling i Orkanger kyrkje og Orkland kyrkje fredag 5. mars. Det blir misjonær Sigrid Risan frå NMS som blir gjestetalar. Samværa er blitt ein rik tradisjon som samlar mange. Sjå gudstenestelista.

SØNDAG ER KIRKEDAG**Saboterer vi namnet Moskjerka?**

Mange lurer nok på det. Vi brukar framleis Orkland. Orkland sokneråd har skrive til departementet at dette blir gjort inntil vi får eit klårt svar om kyrkjenamnet. Dette er det enno ikkje kome svar på. P.g.a. at berre ein del av departementet sitt første svar blei gjengitt i ein notis i Sør-Trøndelag, er det blitt ein del misforståingar omkring dette.

Orkland sokneråd

har hausten — 75 skrive til Sosialstyret og bedt om å få vite om kommunen sine planar om eldrebustadar/aldersheim i Øverbygda. Svar er enno ikkje motteke. Eit spørsmål om dette i ST. frå sommaren 75 er og enno ikkje svara på av kommunen. Heller er det ikkje komne noen kommunal reaksjon på artikkelen om same sak i menighetsbladet nr. 9/75.

Folkehøgskolekurs for eldre.

Vi har formannen i prostirådet, førstelærar Reidar Halgunset på tråden. Vi har hørt nyss om eit opplegg for eldre på Fredly folkehøgskole til våren?

Og Halgunset svarer villig: «Det er prostirådet i Orkdal prosti som arrangerer. Tida blir 14.-17. juni. Det blir altså 3 overnattingar. Kurset er tiltenkt pensjonistar, men om noen må ha med andre til hjelp, så går det fint».

Vi vil vite litt om opplegget, og prostirådsformannen orienterer slik: «Vi skal ha innføring i dei eldre sin situasjon på ymse plan, m.a. skal det bli skikkeleg demonstrasjon av høreapparat av ekspertar. Det blir to bibelbimar, misjonsutsyn, utflukt, hyggessamvær m.v.»

Vi får vite at det kjem ei brosjyre om dette utpå vårparten. Prisen blir visst nok ikkje avskrekande sådan det blir gitt ein god del støtte både frå prostirådet og anna offentleg hand. Dette er våren sin store sjanse for våre eldre.

MENIGHETEN SOM FADDER —

Fram. frå s. 1.
Har vi brukt våre bøner, vår økonomi, vår tid til å skape dette miljø?

Før det er blitt heilt klart for oss at vi her har gjort kva gjerast kunne, er det ikkje tid verken til å gi råd om dåpsneking eller rive armar av prestekjolane. Hovudspørsmålet er framleis for oss: Fungerer menigheten som fadder? Her trengst det vekkingstider midt i menigheten.

DERFOR

Vi er glad for at Per Lønning gjekk av som biskop! (Vi er lite glad for at han ikkje blei professor på Menighetsfakultetet.) Vi er glad for at han søkte avskil for å markere det kristne synet på mennesket sin verdi. Det er dette kampen står om: Kva er eit menneske? Ei brikke som ein kan flytte som på eit sjakkbratt? Eller skapt i Guds bilde med evig forankring?

Per Lønning si siste bok, «Derfor», er ein allsidig dokumentasjon. Det er teke med innlegg også mot han frå ulikt hald. Her får vi med anna demonstrert Lønnings styrke som logikar, klårtenkt debattant. Samanstillingen i boka er avslørande for hans motstandarar. Vi tilrår boka til kjøp og lesing. Denne vil aldri bli forlita. Grunnleggande synspunkt på det å vere menneske blir diskutert. Kristentru er også ei tru på menneskeverd for alle, og livsrett.

Boka bør lesast også fordi vi er redd for at også vårt lokalmiljø er i ferd med å innrette seg etter eit fryssete abortsyn. Kva abort får å seie for det enkelte foster, veit vi. Vi veit også ein del kva det får å seie for den enkelte kvinne og mann som opplever abortsituasjonen. Men kva vil det ha å seie for vårt framtidige samfunnsliv i lokalmiljøet? Vil familieliv og nabofelleskap bli ramma av same kulden som fosteret etter kvart? Vi trur det er ein nære samanheng. Når teknikken er blitt herre over mennesket, da er destruksjonen like om døra.

«Derfor» er ein dokumentasjon av

**Gå til den
som du har
noe i mot i hjertet-
eller som har
noe mot deg -**

**OG
FORSON
DEG**

**Så vil din bønn
trenge gjennom
skyene og ha
kraft.**

MB

**BUNDNE HENDER**

Det kan symbolisere så mangt. Fastetida minner oss om faren med å vere bunden i synd. Ofte blir talen om dette passiv for oss. Det å la vere å gjøre ting. Og dette er rett. Det er så mangt som er blitt gjort med våre hender som burde ha vore u gjort. Dårlege handlingar slik har så lett for å vakke på seg. Vi kjenner alle ordtaket: «Får djevelen veslefingeren, tek han smart heile handa». Og for den del begge hendene! Eit dagleg ransakande fastespørsmål bør bli: «Kva har eg brukt mine hender til. «Vær forsiktig litle hånd hva du gjør», syng vi i barnesongen. Det bør avgjort ettertenkja også av vaksne. Er hendene våre bundne i synd? Er dei i ferd med å bli fastbundne?

Men bundne hender symboliserer også det at vi let vere å gjøre positive, gode handlingar. Vi fekk ein armring av ei indisk sikh offiser ein gong. Alle sikhtruanne går med denne ringen rundt armleddet. Kvar gong handa blir strekt fram fell denne ringen framover. Dette skal minne om at den handling handa no er i ferd med å gjøre må vere god og ikke vond. Vi kristne skulle også ha ett slik armlring. Guds rike må ikke berre ha hjerne & tenkje med, munn & snakke med, men også bein å gå på. Og ikke minst: Hender & tene med.

Matte ikke våre hender verken bli bundne i vonde handlingar eller i dovenskap, men bli aktivt tenande i kjærleikens handling. Guds rike treng flittige hender. «Det er makt i de foldede hender». Det er makt i de tenande hender. Sett i funksjon for Gudsriket er dei uovervinneleg.

Vi stod og snakka med ein stor verdi. Per Lønning er ein faneberar som treng vår omtanke og forbøn. Han er eit sendebod vi har bruk for i åra som kjem.

bygdakunstnarane våre ein dag. Han syntet oss eit stort bildedgalleri. Med anna hadde han måla den lenka Paulus som skreiv brev i fangesella i Rom. Flittig med jarnlenker rundt hendene. Kva med oss som har fysisk frie hender?

Møteplan for Svermo IUF og IMF 1976

Nedenfor finner du en møteplan for Indremisjonens faste møter og andre arrangement for resten av dette året. Klipp den ut og la den hjelpe deg å huske de forskjellige samvær gjennom året.

Alle vennemøter og ungdomsmøter tar til kl. 20.00. Vennemøtene blir holdt på misjonshuset, og ikke annet blir bekjentgjort.

Du som ber til Gud, vil du også ta med våre møter i dine bønner.

Vel møtt til møtene!

Onsdag 25.2. Ungdomsmøte hos Anne og Tore Høston.

Onsdag 3.3. Vennemøte. (Bøssetømming).

Onsdag 17.3. Festlig samvær med gevinstbord IUF. Ungd.arb. Oddbjørn Stjern. Sangere fra gymnaset.

Onsdag 7.4. Vennemøte.

Onsdag 21.4. Ungdomsmøte hos Rannveig Tronvoll.

Onsdag 5.5. Vennemøte.

Mandag 17.5. 17. mai-fest. IUF. Svermo misjonshus.

Torsdag 27.5. Konfirmantfest. IUF. Svermo misj.hus. Ungd.sekr. Randi Konsveien og res.kap. Eidhamar.

Onsdag 2.6. Vennemøte.

Onsdag 16.6. Ungdomsmøte hos Synnøve og Einar Sandvik.

Søndag 27.6. Fest for de eldre. IUF. Svermo misjonshus.

Onsdag 7.7. Vennemøte.

Onsdag 4.8. Vennemøte.

Onsdag 18.8. Ungdomsmøte på hytta til Karen og Olav Øvervik.

Søndag 22.8. Indremisj.stemne (10. søndag) Svermo misjonshus.

Onsdag 1.9. Vennemøte.

Onsdag 25.9. Ungdomsmøte hos Randi og Peder Grendal.

Onsdag 6.10. Vennemøte

Onsdag 20.10. Ungdomsmøte hos Jorhild og Ola Ljøkkel.

Onsdag 3.11. Vennemøte.

Onsdag 24.11. Ungdomsmøte hos Mary Anne og Elmund Asbøl.

Onsdag 1.12. Vennemøte.

Onsdag 29.12. Juletrefest. IUF. Svermo misjonshus.

GÅVER til bladet

UTENBYGDS :

634
Anne Mette Høiseth 10. Olav Kvikne, Tr.heim 20. J. og H. Tretøy 20. Marta Vuttudal 20. Anne Skjølvold 20. Be-
ret Langvik, Tr.heim 20. Betzy og G. Ofstad 50. Anne Hovsbakken og Lars K. Sæther 25. O. Havidal, Tr.heim 25. Fredrikke Togstad 15. Gyda Sylte 20. S. og K. By 20. Gunnar Almlid 10. Odd Selberg 10. N.N., Hallset, Tr.heim 20. Magnar Grø 30. Serine Lium 20. Gjertrud Sund, Tr.heim 10. Grete Kåsa, Larvik 50. Ludvig Hassel, Sandefjord 10. Astrid Indergaard, Drammen 20. Aslaug og Harald Hansen, Råde 10. Marie K. Mjøen, Oslo 20. Solveig Bliksås, Tr.heim 10. Gudrun Sødal, Jakobsli 30. Julie Kjøren, Tr.heim 20. Gunhild Kvirkne, Tr.heim 15. Bjørg Kvernmo, Tr.heim 10. Ingeborg Sundli, Meidal 10. Oline Mjøen, Storås 20. Anna J. Viggen, Viggja 10. Karin og Tor Isdal, Ingdalen 15. Hanna Meland Ingdalen 10. Oline Singstad, Selbekken 10. Gerd Landrø, Selbekken 10. Ivar Harrang, Klæbu 10. Odd Buan, Klæbu 10. Bjørg Langørgen, Heimdal 20. Borgny og Hans Helseth, Steinsgrønna 20. Turid og Oddvar Thoresen Frei 10. Åse og Sverre Solbu, Namsos 10. Guri Eggan. Vikhamar 10. Solveig T. Johannessen, Lurøy 10. Frida Ulsund, Mosjøen 20. Eldrid Eithun, Innset 10.

J. S. Jæger, Tr.heim 25. Anna Uvaas, Eggkleiva 15. Magnhild Henriksen, Tr.heim 10. Kristine Eidhamar, Tresfjord 30. Serine Mjønesaune, Støren 20. Anngrim Asphjell, Tr.heim 20. N.N., Skogn 20. Signe og Ola Indergård, Angvik 20. A. Øyasæter, Charlottenlund 20. Bjørg og Kåre Kristiansen, Langhus 20. Målfrid Rindal, Oslo 10. Marit Torneby, Kløfta 10. Magne Lyngberg, Snåsa 15. A. Gangåssæter, Heimdal 20. Gudrun Ottersen, Bergen 20. Gudrun Kirkvold, Tydal 10. Sigurd Rektorli, Tr.heim 20. Hanna Eidhamar, Tresfjord 10. Ottar Hyldmo, Storås 20. Ole Fosshagen, Rygge 10. Eli Skaalvik, Ås 10. Astrid Haugen, Steinaker 10. Kari Særvoll, Bodø 20. Ada

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.

ORKANGER :
(21/11-75 — 5/1-76)

S. og J. Ofstad 20. Berntine Ofstad 10. Aslaug og Johan Gjønnes 10. J. P. Arlivoll 10. Olaug Sivertsen 15. Lars

(Over til side 7)

Johansen, Skjervøy 20. Reidun og Anders Jakobsen, Oppdal 20. Sofie Elvestad, Sørkjosen 10. Aud og Ellif Nordang, Lundamo 10. Ingeborg Boksbu Sørensen, Bodø 20. Åse Wuttudal, Snillfjord 10. Gunhild Bakkenberg, Innset 10. Arne Eikli, Aurskog 40. Sigrid Windspoll, Heimdal 10. Astrid Engen, Tr.heim 10. Dagrun Gjelsvik Austigard, Molde 25. Gabriel L. Ingdal, Selbekken 10. Karen og Johan Stølan, Kyrksæterøra 10. Ingvar Rognum, Blommenholm 15. Harald Hegstad, Tr.heim 15. Olga Jacobsen, Røkland 20. Anders O. Lomundal, Rindalsskogen 20. Helga og Jens Aasan, Leinstrand 20. Gudrun Gåre, Bodø 20. Svanhild og Egil Tronvold, Tr.heim 20. Karen Kvernmo, Buvika 10. Magnhild Trulsen, Ranheim 20. Elsebeth og Arnfinn Moe, Drammen 20. Aud Løvold, Sykkylven 20. Marit Gjønnes, Heimdal 20. Valborg Brekkens, Løkken 20. Anne K. Rise, Rindalsskogen 10. B. Skålhoit Jensen, Jordet 10. Jorunn Gangås, Vatne 20. Oline Vuttudal, Tr.heim 10. Astrid og Knut Sellie, Børsa 10. Gjertrud Nerås, Nauste i Romsdal 15. Brage Tuflåt, Glomfjord 25. Antonie Kolshaug, Verdal 10. Olaug Paulsen, Tr.heim 10. Bjørg Eggen, Spongdal 20. Sigmund Haugset t. 82362 eller distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:
Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Fannrem bokhandel, Einar Bjørndal, Fridtjof Digerås, Peder Tronvoll, Borghild Asbjørn, Dagny Korsli, Lars Bonvik.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:
Klara Aamodt, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos:
Harald Hukkelås.

Ansvar — Varde

Avhedsfolk bruker sine egne forsikringselskaper for hus, heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel og traktor.
Snakk med våre representanter:
Brage Fagerli, Svorkmo t. 2113.
Sigmund Haugset t. 82362 eller
distr.repr. Ivar K. Gangås t. 82175

80 år i bygdas tjeneste

Moderne butikk - Godt vareutvalg.
Bensin- og servicestasjon.
Velkommen inn.

Svorkmo Handelssamlag

Orkdal Sparebank

Orkanger ... kl. 08.00 - 15.00
Torsdager ... kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
Fannrem ... kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
Selbekken ... kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)

Lørdager er alle kontorer stengt.

Konsts Bokhandel

Orkanger.

Bøker - Papir
Skolemateriell

Orkanger Gartneri

Blomster og planter til barnedåp, bryllup og konfirmasjon.
Begravelser og ellers alle anledninger.

Mjøen 20. Målfrid og Asbjørn Olsvik 20. Ingrid Ustad 10. Wolden 10. Helge Dahl 50. T.S. 25. H.Y. 25. Th. Blåsmo 25. J. og M. Lie 50. Inga Jønsberg 10. Røhmesmo 20. Asbj. Sletvold 20. A.T. Øien 20. Gjertrud Vullum 10. Ottar Ustad 20. Martin J. Rømme 10. Frida og Olav Rostad 30. Mally og Fritz Skinstad 20. Arnfinn Nesset 10. Signe Langseth 10. Margot Viklem 10. J. Lilleholte 25. Oline Eggan 10. Morten Monseth 10. Ruth og Roald Røhmen 20. Karen Dragseth 20. Anna og Agnar Nærviik 20. Ingrunn og Per Solem 20. Petra og Arne Melby 20. Ingeborg Morseth 10. M. og K. Nordvoll 50. Marie og Gunnar Ustad 20. Berit og Roar Heen 20. Aslaug og Arne J. Mælen 20. Alf og Borghild 20. Per Svorkmo 20. Olav Bjørnsli 20. Anders Ofstad 20. Lovise og Ole Skar 20. Olga og Ingv. Monsen 20. Ingeborg og Rolf Strand 10. G.K. Kristiansen 10. Olaf Wåtland 10. Martha Solhusløkk 20. Lilly og Johan Evjen 10. M. og E. Skjenald 10. Karen Pedersen 10. Målfrid og Arne Korsli 20. Ragnar Strand 15. Olaug Gundersen 20. S. og B. Kvermo 20. Jan Trønsdal 20. Bendik Snildal 20. Inger og Inge Halgunset 10. R. Fossum 10. Astrid og Lars Mælen 10. Olaf Husdal 10. Olaug og Arne Muan 20. Astrid Dybdahl Rostad 20. R. og G. Nordli 10. Alf Dahl 10. Odd Bach 10. Hans Evjen

Vedkjenning

Eg må gå vidar,
mine einsemnds vegar
der ingen kan følgje meg
— om dei ville.

Det er sjela
eg ikkje har fornekta,
som alltid er åleine.
Alltid på vandring.

Fordi ho er mi, —
meir enn auga mitt
meir enn hendene mine
— som er støv —
ber ho si kjerte
over mitt åretals mørke,
over mitt livs tundra.

For meg er sjela
det veiken er i lyset,
der Gud har nørt sin eld
og vernar det
mellom sine hender.

Eg må gå vidar
for eg har ei sjel
eg ikkje har fornekta.
Eit kjertebluss
mellom to hender.

Ingebjørg Kasin Sandsalen



Faste for nesten din. Del ditt brød med svolten bror.

P
R
E
L
A
T

E
L
L
E
R

?

D
O
N
G
R
Y
P
R
E
S
T



Vi presenterer her soknepresten til Orkdal 1691 til 1716 herr Edvard Meyer. Vi vonar i vårt stille sinn at vi verken ser så autoritære eller avskrämelege ut. Men alt har si tid. Kanskje herr Edvard ikkje var så aller verst enda han i soga blir nemnt som «fremmeleg»? Han fekk i alle fall oppleva skattetrykket under den store nordiske krigen, han tok i bruk Kingos salmebok 1. søndag i advent i 1699, og til glede for alle slektsgranskarar var det han som først tok til å føre kyrkjebøker i Orkdal. Den morske Edvard Meyer var altså litt av ein føregangsmann.

Prelatane gjennom tidene har ikkje fått så blid dom i Orkdal. Og det fanst vel grunnar til det, men kanskje ikkje større grunnar enn dei som til kvar tid vil ramme alt menneskeleg. Vi må tolke alt utifrå si samtid, og vi har eit intrykk av at gamleprestane ikkje alltid blir det. Vi må m.a. huske at dei verken hadde ordna lønsforhold, skyssforhold eller bustadforhold som i våre dagar. Og kanskje det noen gongar var nødvendig å vere myndig prelat?

Vel, tidene har skifta. Presten er komne ned på jorda. Det er forresten godt, for det var der Gud ville at sendeboda hans skulle arbeide.

For noen tiår tilbake fekk vi uttrykket dongryprest. Det var slike som la vekk samarien og gjekk i dongry ved snekringa på menighetshuset eller i leiken i ungdomsklubben. Elles synest vi ikkje dette var noe nytt. Vi hugsa det blei fortalt om gamlepresten heime at han ein gong hugsa bryllupet først da kyrkjeklokkena kima og han sto og spreidde møkk ute på prestegardsjordet.

Kanskje til slutt alle er litt bedre enn sitt rykte, både dei gamle prelatane og dei nye dongryprestane. Vi trur stort sett det var og er ærleg meint. At ein rett og slett har fått eit kall til å vere menneskefiskar. At dei evige Gudsriksanningane er blitt forsterke for eit skrøpeleg kar. Og at dei måtte gå med bodskapen frå det høge same om det hefta litt menneskeleg ved ein framleis.

Vår kyrkje har i alle fall aldri lært at noen blir helgen medan ein lever på jord. Alle må vi leve på nåde.

GUDSTENESTER

29 / 2 Fastelavnssøndag. Orkdal kl. 11. Høgmesse ved Sverre Røvik og sp.

Fredag 5/3

Orkanger kl. 18 og Orkland kl. 20. Misjonær Sigrid Risan. Kvinnenes internasjonale bønedag.

7/3 1. s. i faste. Orkland k. kl. 11. Høgmesse v/ Dag Smemo. Nattverd Offer til NKUF. Skiløype frå kyrkja etter gudstenesta.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v/ Olav Olsen. Nattverd. Offer til menighetsarbeidet.

Torsdag 11/3 Geitastrand kl. 20. Orkland mannskor. rk. Offer til Søvasskjølen fjellkirke.

14/3 2. s. i faste Orkdal kl. 11. Høgmesse ved Åge Kure og sp. Offer til bibelmisjonen.

Kjørmoen kl. 11. Gudst. v/ Eidhamar.

21/3 3. s. i faste. Orkanger kl. 11. Høgmesse ved Rogstad. Offer til Barnevernsinstituttet i Trondheim.

Onsdag 24/3 Orkdal kl. 20. Fastegudst. ved sp. Rogstad.

28/3 Midfastesøndag Orkland kl. 11. Høgmesse ved sp. Rogstad.

Geitastrand kl. 11. Høgmesse v. rk. Eidhamar. Nattv. Offer til Sjømannsmisjonen. Buss frå Råbygda.

4/4 Maria bodskaps dag Orkdal kl. 11. Familiegudst. ved Per Fedje og sp. Offer til søndagsskolen.

Orkanger kl. 11. Høgmesse ved rk.

